

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2017	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2017
055/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/1103	17/12950

### Fornyng av samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Radøy kommune og Radøy idrettsråd underteikna samarbeidsavtale 24. mars 2011. Etter initiativ frå Radøy idrettsråd vert revidert forslag til samarbeidsavtale lagt fram for politisk handsaming.

##### Vurdering

Samarbeidsavtalen som vart underteikna har fungert som eit godt og forpliktande grunnlag for samarbeidet mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd. Administrasjonen i Radøy kommune og idrettsrådet har også utarbeidd eit årshjul som set samarbeidet, slik det er nedfelt i avtalen, inn i faste rammer.

Bakgrunnen for at idrettsrådet ynskjer at samarbeidsavtalen skal reviderast, er den komande kommunesamanslåinga. Idrettsrådet ynskjer å verta inkluderte tidleg i denne prosessen for å sikra idretten i Radøy sine interesser inn i ein ny kommune, og har bede om at dette vert tatt inn i avtalen.

Radøy, Lindås og Meland kommunar svært ulike når det gjeld bygging og drift av idrettsanlegg. I Lindås kommune er dei største idrettsanlegga eigd av kommunen. I Meland og Radøy er derimot dei fleste større idrettsanlegga eigd og drifta av idrettslaga. Nivået på støtte til idrettslaga og anlegga er også svært ulike i dei tre kommunane. Dette er viktige problemstillingar inn mot kommunesamanslåinga, og rådmannen støttar difor idrettsrådet sitt ynskje om å få med i avtalen at idrettsrådet skal involverast i saker som gjeld idretten inn mot kommunesamanslåinga.

Utkastet til avtale som vert lagt fram er i all hovudsak lik eksisterande avtale. Foreslåtte endringar er markerte med gul skrift i utkastet til revidert samarbeidsavtale.

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune er positiv til å underteikna revidert samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd. Ordføraren får fullmakt til å underteikna avtalen slik den ligg føre.

#### Formannskapet i Radøy - 068/2017

##### FS - handsaming:

Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, gav uttrykk for at samarbeidsavtalen har vore positiv sett med idretten sine auge. Han sa at dialogen med kommunen er god. Idretten har ein kanal inn til kommunen også med prioriteringar av investeringar på anleggssektoren. Leiaren i idrettsrådet understreka idretten sitt behov for å verta trekt med i prosessar knytt til Alver kommune. Idrettsrådet ynskjer å verta inkluderte tidleg i denne prosessen for å sikra idretten i Radøy sine interesser inn i ein ny kommune, og har bede om at dette vert tatt inn i avtalen.

Ordførar Jon Askeland peika på at Radøy kommune var først ute med samarbeidsavtale med idrettsrådet. Han rosa idrettsrådet for å ha arrangert kurs og seminar med aktuelle tema som mobbing og rein idrett for ungdomsskule-elevar, trenar, idrettsleiarar og andre interesserte.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Radøy kommune er positiv til å underteikna revidert samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd. Ordføraren får fullmakt til å underteikna avtalen slik den ligg føre.

**Kommunestyret i Radøy - 055/2017**

**KS - handsaming:**

Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, sa at samarbeidsavtalen har fungert etter intensjonen, og viste til at det har vore eit godt samarbeid med administrasjonen og politikarane. Han peika på at endringa i samarbeidsavtalen er basert på at idrettsrådet på eit tidleg tidspunkt vil vera med i prosessen med å bygga ny kommune. Mellom anna peika han på arbeidet med å finna fram til felles løysingar for idrettssektoren.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

**KS - vedtak:**

Radøy kommune er positiv til å underteikna revidert samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd. Ordføraren får fullmakt til å underteikna avtalen slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

Samarbeidsavtale mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd  
Stadfesta samarebeidsavtale (L)(173164)